

# ØKONOMIREGLEMENT for Ulstein Eigningselskap KF

Godkjent i kommunestyret: 25.03.2021 sak 23/21



Ulstein  
Eigningselskap KF



Ulstein  
Eigningselskap KF

## Innhald

|  |   |
|--|---|
| Om Ulstein Eigedomsselskap KF.....               | 3 |
| Kapittel 1 Reglementet sitt virkeområde .....    | 3 |
| § 1-1 Formålet med reglementet .....             | 3 |
| Kapittel 2 Økonomiplan UEKF.....                 | 3 |
| § 2-1 Økonomiplan – ansvar.....                  | 3 |
| § 2-2 Økonomiplan – rapportering.....            | 3 |
| Kapittel 3 Delegert mynde.....                   | 4 |
| § 3-1 Styret i UEKF sitt budsjettmynde .....     | 4 |
| § 3-2 Disponeringsmynde og tilvisingsmynde.....  | 5 |
| § 3-3 Årsavslutning .....                        | 5 |
| § 3-4 Dagleg leiar sitt budsjettmynde. ....      | 5 |
| § 3-5 Mynde til kjøp og sal av eigedom.....      | 5 |
| § 3-6 Mynde til anskaffing.....                  | 6 |
| Kapittel 4 Internkontroll .....                  | 6 |
| § 4 – 1 Leiar i UEKF sitt overordna ansvar ..... | 6 |

## Om Ulstein Eigedomsselskap KF

Ulstein eigedomsselskap KF (UEKF) er eigedomsføretaket til Ulstein kommune. UEKF har ansvar for eigedomsforvaltninga for eigedomsmassen til kommunen og er kommunen sin reiskap for gjennomføring av Ulstein kommune sin bustadpolitikk og skal sikre at kommunen har føremålstenelege bygg for si verksemd og tenesteyting. UEKF har også normalt ansvar for gjennomføring av investeringsprosjekt knytt til bygg og anlegg som kommunestyret har vedteke. Føretaket vert leia av eit styre og dagleg leiar.

## Kapittel 1 Reglementet sitt virkeområde

### § 1-1 Formålet med reglementet

Dette økonomireglementet gjeld for Ulstein Eigedomsselskap KF (føretaket) etablert etter kapittel 9 i kommunelova. Dokumentet er underlagt og er eit supplement til økonomireglement for Ulstein Kommune. Formålet med dokumentet er å klargjere mynde for styret og daglig leiar i føretaket. Reglementet er også underordna føretakets vedtekter.

## Kapitel 2 Økonomiplan UEKF

### § 2-1 Økonomiplan – ansvar

Kommunestyret skal vedta økonomiplan med tilhøyrande driftsbudsjett og investeringsbudsjett etter innstilling frå administrasjonen i UEKF og tilråding frå UEKF sitt styre. Økonomiplanen skal utarbeidast samstundes med årsbudsjettet og behandlast i styret i føretaket i november og vedtakast i kommunestyret i desember (avhengig av politisk møteplan) kvart år. Årsbudsjettet er identisk med første året i økonomiplanen.

### § 2-2 Økonomiplan – rapportering

Leiaren i føretaket skal gjennom budsjettåret leggje fram rapportar for styret i føretaket. Rapporteringa skal vise utviklinga i inntekter/innbetalingar og utgifter/utbetalingar i samsvar med vedtatt økonomiplan for føretaket. Styret bestemmer kor ofte rapporteringa skal skje. Det skal gjerast endringar/reguleringar i budsjettet når dette er naudsynt. Føretaket sitt styre skal sjølv vedta endringar/reguleringar i føretaket sitt budsjett. Endringane skal vere innanfor dei økonomiske rammene stilt til disposisjon frå Ulstein kommunestyre. Budsjettvedtak med endringar kan ikkje gjerast etter utløpet av budsjettåret.

Rapport skal leggjast fram etter kvart tertial, 1. og 2. tertialrapport, det vil seie etter at april og august månad. Tertialrapporten skal gi ei samla oversikt over den økonomiske statusen og den skal handsamast i styret og kommunestyret. Rapporten skal innehalde oppstillingar som viser vedtatt budsjett og justert budsjett, samt rekneskapet hittil i året. Det skal rapporterast både på driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet.

Ved avvik mellom rekneskapsprognose og økonomisk ramme, stilt til disposisjon frå Ulstein kommunestyre, skal føretaket sitt styre sjølv gjere framlegg om endringar innanfor føretaket sitt budsjett. Eventuelle konsekvensar av endringane skal utgreiast. Vesentlige tilhøve som påverkar dei økonomiske rammene for drift og investering, skal styret rapportere til Ulstein kommunestyre utanom tertialrapporteringane. Føretaket sitt styre skal sjølv gjere framlegg om naudsynte tilpassingar og endringar i budsjettet slik at dette vert i samsvar med dei økonomiske rammene som er til disposisjon.

## Kapitel 3 Delegert mynde

### § 3-1 Styret i UEKF sitt budsjettmynde

Ulstein kommunestyre gir føretaket sitt styre følgjande fullmakter innanfor dei økonomiske rammene som er vedteke i kommunestyret:

- ✓ Fordele økonomisk ramme internt i føretaket i tråd med vilkåra fastsett av Ulstein kommunestyre. Mynde til å fordele føretaket sine driftsrammer på relevant ansvar, artar og teneste ved detaljering av årsbudsjettet kan delegerast til dagleg leiar.
- ✓ Flytte midlar mellom vedtekne investeringsprosjekt under føresetnad av at samla investeringsramme ikkje vert overskriden
- ✓ Disponere meirinntekter på inntil 1.000.000 kroner innanfor budsjettåret.
- ✓ Disponere midlar der inntekta er meint til eit bestemt formål og kommunestyret ikkje har løyvd midlar til formålet i budsjettvedtaket.
- ✓ Konstatere tap på uteståande fordringar og avskrive enkeltkrav på inntil 200.000 kroner.
- ✓ Bygge opp og disponere eit disposisjonsfond på inntil 2.000.000 kroner. Ytterlegare fondsavsetning skal godkjennast av kommunestyret ved rekneskapsavslutning.
- ✓ Bygge opp og disponere eit kapitalfond på inntil 3.000.000 kroner øyremerka kjøp og sal av gjennomgangsbustader. Avsetning til kapitalfondet skal skje på same vilkåra som for kommunen elles.
- ✓ Fastsette årleg regulering av husleige for gjennomgangsbustader og omsorgsbustader.

Mynde etter dette reglementet gjeld ikkje tilhøve som kan påføre kommunen økonomiske plikter utover nivået på årsbudsjett/økonomiplan eller forhold som er i strid med dei mål, premissar og prioriteringar som er lagt til grunn for kommunestyret sine vedtak. Budsjettvedtak med endringar kan ikkje gjerast etter utløpet av budsjettåret. Delegert mynde gjeld berre innanfor områda som er nemnt i føretaket sine vedtekter om formål og oppgåver.

### § 3-2 Disponeringsmynde og tilvisingsmynde

Med disponeringsmynde har ein mynde til å disponere dei løyvingar som er ført opp i føretaket sitt årsbudsjett. Med tilvisingsmynde har ein mynde til å tilvise eit beløp til utbetaling, det vil sei å gå god for at ei løyving som belastar føretaket sitt budsjett er innanfor disponibel ramme.

Dagleg leiar har fullmakt i delegeringsreglementet til å disponere og delegere vedtekne rammeløyvingar for kvar sektor i driftsbudsjettet. Dette gjeld så lenge kommunestyret ikkje har vedteke noko anna.

### § 3-3 Årsavslutning

Om årsrekneskapen viser eit rekneskapsmessig meirforbruk (underskot), skal dagleg leiar gjennomføre strykingar i eit så stort omfang som nødvendig. Er det framleis eit meirforbruk, også etter strykingar er gjennomført, skal meirforbruket dekkast av disposisjonsfondet gjennom direkte overføring, før styret og kommunestyret handsamar årsrekneskapen. Rekneskapen skal ikkje avleggsast før alle strykingsmoglegheiter i høve lov og forskrift er gjennomført, slik at rekneskapsmessig meirforbruk vert så lågt som mogleg.

Om årsrekneskapen viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) skal eventuelt udekka meirforbruk frå tidlegare år dekkast inn, før årsrekneskapen vert lagt fram for styret og kommunestyret.

### § 3-4 Dagleg leiar sitt budsjettmynde.

Dagleg leiar får delegert mynde til å fordele brutto rammer på føretaket, ansvar, funksjonar og kontonivå.

Mynde til å gjere budsjett-tekniske endringar i driftsbudsjettet, samt endringar som ikkje er av prinsipiell verdi. Døme på dette kan vere refusjon sjukelønn, meirverdiavgift (kostnad/inntekt), fordeling pensjonskostnadar/inntekt, fordeling avsett lønnsvekst, avskrivningar og liknande. I tillegg omfattar dette refusjonar / tilskot der det er direkte samanheng mellom kostanden og inntekta som kjem inn.

### § 3-5 Mynde til kjøp og sal av eigedom

Styret har mynde til å treffe vedtak om kjøp og sal av gjennomgangsbustader, og også slutte naudsynte kontraktar. Styret kan treffe vedtak om kjøp og sal av slike eigedommar innanfor vedtekne budsjettammer og tilgjengeleg eigenkapital (kapitalfond). Fullmakt til å gjennomføre kjøp av fast eigedom i samsvar med det som er nemnt over, kan delegerast til dagleg leiar. Kjøp og sal av enkelteigedommar med verdi over 7.500.000 kroner skal godkjennast av kommunestyret.

Styret kan på vegner av kommunestyret forhandle om kjøp og sal av andre kommunale formålsbygg og eigedommar. Slike avtalar skal godkjennast av kommunestyret der også finansiering eller avsetning av salsgevinst vert vedteke.

### § 3-6 Mynde til anskaffing

Styret vert gitt fullmakt til å avgjere anskaffingsform og anbod/tilbod for kjøp av varer og tenester innanfor kommunestyret sine fastsette budsjetttrammer. Fullmakta kan bli delegert vidare til dagleg leiar.

## Kapitel 4 Internkontroll

### § 4 – 1 Leiar i UEKF sitt overordna ansvar

Dagleg leiar i UEKF er ansvarleg for internkontrollen i selskapet jf. kl § 9-13. Dagleg leiar skal rapportere til styret i føretaket om internkontroll og resultat av staleg tilsyn minst ein gong i året jf. kl §9-14.